



Juss i sjukepleie

BENTE OHNSTAD

Samlaget
Oslo

© 2021 Det Norske Samlaget

Omslag: Torun Hunnes
Førtrykk: ord & form, Gudbrand Klæstad
Trykkeri: Specialtrykkeriet Arco
Printed in Denmark

ISBN 978-82-340-0104-8

Forfattern har mottatt støtte frå Det faglitterære fond.
Boka er utgitt med støtte frå Kunnskapsdepartementet ved
Lærebokutvalet for høgare utdanning.

Det må ikkje kopierast frå denne boka i strid med åndsverklova
eller i strid med avtalar gjorde med KOPINOR, Interesseorgan
for rettshavarar til åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale
kan medføre erstatningsansvar og inndraging og kan straffast
med bøter eller fengsel.

Innhald

Kapittel 1

Innleiing 9

Kapittel 2

Kva er skilnaden på juss og profesjonsetikk? 13

Kapittel 3

Viktige reglar i helsepersonellova 20

Plikta til forsvarleg yrkesutøving 23

Kva inneber kravet til forsvarleg verksemd? 27

Medhjelpar 32

Legemiddelrekvirering og legemiddelhandtering 34

Plikta til å yte omgåande («øyeblikkelig») hjelp og retten til å motsetje seg hjelp 36

Plikt til fråhald 39

Er det forbode å ta imot gåver frå pasientane? 40

Informasjonsplikt 43

Tieiplikt 44

Er tieplikta eit absolutt og ufråvikeleg prinsipp? 51

Om forbodet mot å «snoke» i journalar 58

Opplysningsplikt 60

Meldeplikt til barnevernet 62

Pålegg om å utlevere informasjon 64

Journalføringsplikta	65
Innhaldet i plikta til dokumentasjon	71
Krav om journalføring utan ugrunna opphald og krav om éin journal	72
Koordinering av pasientjournalen	74
Retting og sletting av journalopplysingar	75
Utlevering av journal til anna helsepersonell	76
Døme frå praksis når det gjeld teieplikt, meldeplikt og journalføring	77

Kapittel 4

Viktige reglar i pasient- og brukarrettslova 81

Retten til omgåande hjelp	82
Generelt om retten til nødvendig helsehjelp	82
Retten til nødvendig helsehjelp frå den kommunale helse- og omsorgstenesta	83
Fastlegeordninga	85
Brukarstyrt personleg assistent (BPA)	85
Rett til opphald i sjukeheim	86
Vedtak	87
Retten til nødvendig helsehjelp og retten til vurdering frå spesialisthelsetenesta	88
Rett til fritt behandlingsval	89
Rett til informasjon	91
Samtykke	95
Rett til innsyn i pasientjournal	98
Om rettane til næraste pårørande og om samtykke på vegner av barn og ungdom	101
Særskilt om samtykke og informasjon som gjeld barn	103

Kapittel 5

- Lovregulering av bruk av tvang** 106
- Omgåande hjelp etter helsepersonellova § 7 107
- Helsehjelp gitt med tvang etter pasient- og brukarrettslova kapittel 4 A 108
- Bruk av tvang og makt etter helse- og omsorgstenestelova kapittel 9 111
- Tvang etter lova om psykisk helsevern 112
- Bruk av tvang overfor rusmiddelavhengige 113
- Bruk av tvang etter smittevernlova 114
- Oppsummering 114

Kapittel 6

- Erstatning ved pasientskadar** 115

Kapittel 7

- Om rettsstat, velferdsstat og menneskerettane** 120
- Menneskerettane 122

Kapittel 8

- Det kommunale, fylkeskommunale og statlege ansvaret** 125
- Samhandlingsreforma 128
 - Ansvar på overordna nivå 129
 - Spesialisthelsetenestelova 130
- Lovgiving om smittevern 131
- Arbeidsgivaransvaret 134
- Arbeidstakaren sitt ansvar 136
- Forholdet mellom ansvaret til arbeidsgivar og arbeidstakar i helsetenesta 137

Kapittel 9

- Saksbehandling og pasientbehandling** 139

Kapittel 10

Rettskjelder 142

Lovforarbeid og etterarbeid 144

Rettspraksis 145

Forholdet mellom rettskjeldene 146

Kapittel 11

Tilsyn og kontroll med helsetenesta 147

Internkontroll 148

Reaksjonar og overprøving 149

Reaksjonar frå Statens helsetilsyn 150

Åtvaring og tilbakekall 152

Statens helsepersonellnemnd (HPN) 156

Brot på straffelovgivinga 157

Lover, forskrifter og andre kjelder 158

Register 161

Innleiing

Til skilnad frå dei fleste andre yrkesgrupper har sjukepleiarar og anna helsepersonell eigne lovpålagde plikter som gjeld ved utøvinga av yrket. Desse pliktene er gitt for å verne pasientane mot ukvalifisert behandling og å sikre tillit og kvalitet i helsetenesta. Medan det elles i yrkeslivet er arbeidsgivarane som bestemmer kva plikter arbeidstakarane har, er altså dette annleis i helsetenesta. Difor er det viktig å kjenne lovgivinga som regulerer rettar og plikter. Lovgivinga blir supplert av faglege normer, retningslinjer og interne rutinar på arbeidsplassen. Desse er det viktig å kjenne til, sidan dei er viktige faktorar når lovene skal tolkast.

Helsepersonell, som legar, sjukepleiarar, vernepleiarar, hjelpepleiarar og andre som arbeider i helsetenesta, møter ofte situasjonar i kvardagen der ein kan føle seg usikker på kva plikter som gjeld, og kva rettar pasienten og pårørande har. Mange spørsmål, til dømes plikt til forsvarleg yrkesutøving, plikt til la pasienten medverke ved behandlinga, teieplikt, meldeplikt, journalføringsplikt og retting og sletting av journalopplysingar, er lovregulerte. For at helsepersonell skal kunne halde seg innanfor lova, og for at pasientane skal få oppfylt dei lovbestemte rettane dei har, er det heilt avgjerande for helsepersonell å kjenne dette regelverket. Denne boka skal gi ei oversikt over og ei innføring i dei ulike lovene og føresegnene som gjeld for sjukepleiarar og andre som arbeider i

helsetenesta, og gjere greie for dei verdiane som ligg til grunn for rettsstaten og velferdsstaten.

Helse- og omsorgstenesta blir i stadig større grad rettsleggjord, dvs. regulert i lov. Det har samanheng med at tenestene er viktige samfunnsgode for innbyggjarane. Sidan regulering av helsetenesta skjer gjennom lov, er det viktig å kjenne til lovene som plasserer oppgåver og ansvar for personell og tenester.

Helselovgivinga rettar seg primært mot helsepersonell, pasientar og brukarar og verksemdar som yter helsehjelp. Det overordna målet med helse- og omsorgstenesta er å gi folk, uavhengig av bustad, alder og kjønn, tilgang til helse- og omsorgstenester av god kvalitet, og ein må difor sjå rettar for pasientar og brukarar i samanheng med plikter for tenester og for helsepersonell. Til dømes korresponderer retten til vern mot spreieing av opplysingar i pasient- og brukarrettslova¹ § 3-6 med kravet til teieplikt i helsepersonellova² § 21. Andre døme på plikter som samsvarar med rettar for pasientane, er plikt til å informere pasienten, plikt til å ta pasienten med på råd, plikt til å involvere pårørande og plikt til å respektere ein døyande sitt ønske om ikkje å ta imot livsforlengande behandling.

Alt helsepersonell har ei plikt til å gi hjelp ut frå den kompetansen dei har, og til å støtte den enkelte pasienten i å ta til seg råd og tilbod om hjelp. Plikta til å gi hjelp og til å ta avgjerder for folk er likevel avgrensa av den fridommen kvart enkelt menneske har til å ta avgjerder og bestemme i eige liv. Det inneber også å nekte å ta imot hjelp. Vern om den personlege integriteten er ein viktig verdi som også er forankra i menneskerettane. Verdiane som inneber fridom for den enkelte, står sentralt i vår vestlege menneskerettstradisjon og vårt rettssystem. I helsetenestene inneber dette

¹ Lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukarrettigheter (pasient- og brukarrettslova).

² Lov 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell (helsepersonellova).

mellom anna at ein kan gjere eigne val når det gjeld eiga helse, og at påbod og forbod må ha heimel i lov. Det motsette av sjølvrådrett er umyndiggjering, noko det jo er høve til gjennom tvang og ved avgjerder som blir tatt utan at pasienten blir rådspurd eller har fått høve til å seie si meining. Likevel, tvang skal berre nyttast unntaksvis, og det føreset at pasienten først har fått høve til å uttale seg, viss det er mogleg, og at dei andre vilkåra for å bruke tvang er oppfylte.

Det er viktig å ha god kunnskap om kva relevans og vekt dei ulike reglane har, slik at du som helsepersonell blir i stand til å utøve yrket i samsvar med lovbestemte krav. For å forstå bakgrunnen og grunngevinga for reglane er det også viktig å kjenne dei grunnleggjande prinsippa som gjeld i ein rettsstat og ein velferdsstat, sidan lovene og reglane i helsetenesta er forankra i desse prinsippa. Kapittel 7 vil difor gjere greie for kva rettsstat og velferdsstat inneber, og kva det betyr for helsepersonell i den praktiske kvardagen.

Sjukepleiarar og anna helsepersonell må i arbeidet sitt gjere vurderingar og ta stilling til mange spørsmål som gjeld menneskes liv og helse. Desse spørsmåla kan ein ofte avgjere ut frå ei fagleg og etisk vurdering. Profesjonelt skjønn krev både fagleg, etisk og juridisk kompetanse. Der det ligg føre lovgiving som regulerer handlinga, er det lova som er avgjerande for om handlinga er rettmessig, altså i samsvar med lova. Difor er det viktig å kjenne regelverket for å kunne utøve yrket på ein måte som er i samsvar med dei krava styresmaktene har bestemt, og det er også viktig å ha med seg at lovbrøt kan sanksjonerast med straff eller erstatning.

Denne boka skal ta for seg dei individuelle pliktene og rettane til helsepersonell og pasientar, og dette vil utgjere hovuddelen av framstillinga, kapittel 3 og 4. Kapittel 3 handlar om sentrale føresegner i helsepersonellova, og kapittel 4 tar for seg rettar for pasientane. Tvang reiser særskilde problemstillingar, og i kapittel 5 blir dei viktigaste lovene som regulerer tvangsbruk i helsetenesta, gjen-

nomgått. Av og til kan svikt i helsetenesta førekomme, og dersom pasienten dermed blir påført skade, kan det bli snakk om erstatning. Reglane for dette blir behandla i kapittel 6. Deretter presenterer boka nokre overordna rettsstatlege og menneskerettslege prinsipp og ein kort gjennomgang av det offentlege ansvaret for helsetenestene (kapittel 8, 9 og 10). Til slutt (kapittel 11) inneheld boka ei framstilling av reguleringa av det statlege tilsynet og gjer greie for reglane som gjeld ved pliktbrot. Men først seier boka i kapittel 2 litt om forholdet mellom juss og profesjonsetikk.